

Ørsta kommune,  
Dalevegen 6,  
6153 Ørsta

14.04.2020

[postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)

## Merknader til framlegg til områdereguleringsplan for delar av Vartdal sentrum

Syner til at Ørsta kommune har vedtatt å leggja framlegg til områdereguleringsplan for delar av Vartdal sentrum ut på offentleg ettersyn.

Det er avklart i kommunedelplan at arealet, ca 90 daa, kan omdisponerast til utbyggingsområde. Planområdet, som er relativt flatt/skrånande, består i hovudsak av fulldyrka jord som blir slått. Jorda som inngår i planområdet er ein del av eit større samanhengjande område med dyrka mark. Planframlegget har som mål å leggja til rette for bustad- og sentrumsfunksjonar i samsvar med kommunedelplan.

### Vi har følgjande merknader:

1. I utgangspunktet meiner vi at dette arealet i det heile ikkje burde ha blitt omregulert til utbyggingsformål. Dette er eit typisk eksempel på kva som ikkje bør omregulerast. I så måte minner vi om at det ikkje ligg nokon plikt til områderegulering og utbygging sjølv om det ligg føre ein kommunedelplan. I landbrukssamanheng er heile planområdet å betrakta som næringsareal.
2. Vi saknar jordfagleg vurdering av planområdet og vurdering av verknader for matproduksjon og næringsgrunnlag for dei som blir berørt av tiltaket.
3. Området er karakterisert som Kjerneområde landbruk i Ørsta. Det må klart takast meir omsyn til dette i planframlegget.
4. For å spara dyrka areal må utbygging gjerast mest muleg konsentrert.
5. I samband med planlegging må det takast omsyn til at eksisterande dyrka teigar og jordstykke også i framtida må få utforming og tilkomst som gjer at dei kan brukast på ein god måte. Dei som er berørt av omreguleringa må rådførast om dette. Landbruksansvarleg i kommunen må brukast som konsulent og skal stå for godkjenning.
6. Erfaring tilseier at det det kan bli konflikt der det blir bygt bustader inn mot dyrka-/landbruksareal. Omsynssoner bør vurderast.
7. Det må sikrast god og tilfredsstillande handtering av jord både i anleggsfase, i samband med mellomlagring og ikkje minst for etterbruk av jorda. Det må sikrast at jord som blir flytta blir brukt

til matproduksjon og at den ikkje blir blanda med anna jord eller andre massar som gjer at produksjonsevna blir dårlegare. Jorda skal ikkje brukast til tilretteleggingsformål som t.d. grøntareal.

8. I reguleringsføresegnene må det takast inn krav til samordna og heilskapleg jordhandtering som sikrar ivaretaking av jord som kan vera egna til matproduksjon. Krav må vera i samsvar med retningslinjer gitt i hefta «Jordmassar – frå problem til ressurs». Det må leggjast fram ein plan som sikrar god handtering av jorda under anleggsperioden og som viser korleis mellomagring og etterbruken skal vera. Jfr. pkt 6. Plan må godkjennast av landbruksansvarleg i kommunen.
9. Det må sikrast og kontrollerast at entreprenørar og underentreprenørar følgjer plan og krav til jordhandtering. Det må også klargjerast kva som blir følgjene dersom plan og krav til jordhandtering ikkje blir gjennomført. Også dette må forankrast i plan og reguleringsføresegner nevnt i pkt 6 og 7.

#### **Våre merknader er basert på følgjande:**

10. Stortinget vedtok i 2015 nasjonal jordvernstrategi, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.
11. I brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018 blir det m.a. vist til revidert nasjonal jordvernstrategi, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at landbrukets arealressursar generelt må sikrast og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringssak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.
12. Gjennom KOSTRA sin statistikk kjem det fram at Ørsta kommune gjennom ei årrekke har vore blant kommunane i fylket med mest omdisponering av dyrka jord. Dette kan ikkje halda fram.
13. Statistikk frå Statens Landbruksforvaltning (basert på søknader om produksjonstilskot) viser at jordbruksaleal i drift er redusert med meir enn 1800 da i Ørsta i løpet av dei siste 10 åra. Dersom det skjer omregulering som planlagt er dette eit dårleg signal i forhold til vilje til tilrettelegging for og prioritering av matproduksjon.
14. Fylkesmannen sitt «Forventningsbrev» til kommunane av 20.2.2020 viser m.a. særleg til kommunane sitt ansvar for oppfølging av nasjonal jordvernstrategi, jordlova og driveplikt, samt handtering av jordmassar. Dette er sentrale element i våre merknader, som alle bør vera gode argument for at omsyn til matproduksjon bør ivaretakast betre enn denne planen legg til rette for.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen